

HAGESUND MÅLLAG



1906 — 1956

Lagsbruka i tida etter 1931.

Av Vilhelm Trædal.

Formannen i lagsbruksstyret slutta meldinga si om lagsbruka i 25 års-skriftet med von om at ein snart måtte vinna over den økonomiske krise som ein då var midt inne i, slik at kaffistovene atter kunne gi gode overskot, og laget få reisa hus på eigen grunn. Men det skulle syna seg at det endå gjekk to—tre år før vendet kom. Styret greidde så vidt å få jamvekt i rekneskapen desse åra ved nesetjing av lønene til tenarane, og hard sparing på alle kantar. Dei tenkte for ålvor på å leggja ned søra stova, som svara seg minst, men heldigvis vart ikkje dette gjort. Stova ved Landmannstorget ligg fint til, og det ville vel ikkje vore lett å finna så høvelege kaffistoverom om ein seinare ville utvida drifta att.

Omsetnaden gjekk stadig nedover. For å bøta på dette gjorde styret vedtak i 1934 om å prøve med middagsservering på nordre stova, og det skulle syne seg at dette var eit godt tiltak. I årsmeldinga for 1934 heiter det såleis: «Då det ved utgangen av 1. fjordungår synte seg at omsetnaden på søre stova var gått ned med kr. 385,—, og på nordre stova med kr. 1 003,—, og det inga von var om at drifta kunne bera seg dersom nedgangen heldt fram, vart styret samde om at no laut det straks gjerast noko ekstra for å få omsetnaden opp att. Etter grundige drøftingar vart det så gjort vedtak om å gå i gang med servering av middagsmat. Den 24. juni var det kome så langt at servering av middagsmat kunne ta til. Etter søknad til Finansdepartementet vart me fritekne for matskatt på denne serveringa. Tiltaket synte seg å vera bra. Som før nemnd har me frå 28. juni og til nyår selt middagsmat for kr. 8 720,—. Resultatet er at me har fått drifta til å bera seg».



Hotell «Kong Harald».

I dette året var det og gjort ein freistnad på å få burt den urimelege matskatten. Det heiter i årsmeldinga for laget:

«I april vart det i Oslo halde eit samrådsmøte med utsendingar frå mange av dei største lagsbruka i landet. Ymse spørsmål vedkomande lagsbruk vart drøfta, og det vart vald ei nemnd som skulle samla tilfang og senda søknad til riksstyret om fritaking av matskatten for lagsbruk, då desse vart hardest råka av denne skatten. Olav Gjerstad møtte som utsending for mållaget. Nemnda har no fått i stand søknad til riksstyret, underskriven av 6—700 lagsformenn, og det skal vera von om at det kan verta ei lempelegare ordning». — Det vart med vona.

Oppgangen som ei så vidt kunne merka i 1934 heldt fram i 1935, så rekneskapen synte eit pent lite overskot. Tiltaket med middagsmat på kaffistova i Haraldsgata 161 hadde lukkast så bra at styret nå fekk hug å prøve hotelldrift og.

Kjøpmann Peder Storesund skulle byggja om eigedomen sin i Haraldsgata 146, og mållaget kunne få leiga 2., 3. og 4. høgda i nybygget til hotell. Etter at leigeavtala med Storesund var i orden, fekk styret hendene fulle med arbeid. Teikningar skulle godkjennast, innbu og utstyr skulle kjøpast, så aldri har vel lagsbruksstyret vore i slik aktivitet som det året. Søndag 1.



«Soverom på Kong Harald».

mars 1936 vart hotell Kong Harald opna. Nokre dagar før var utsendingar frå pressa i byen innbedne til å sjå det nye hotellet. Haugesunds Avis skreiv då:

«Hotell Kong Harald — det nye hotellet som Mållaget i Haugesund vil setja i drift, er no på det nærmaste ferdigmontert. Sundag vert det opna, og byen får med det eit nytt, og kva meir er, eit moderne og tidhøveleg hotell. Det nye hotellet disponerar 2., 3. og 4. høgda i den nye murbygningen som kjøpmann Peder Storesund har bygd i Haraldsgata, og dessutan får hotellet 2. høgda i den gamle trebygningen på hyrna av Haraldsgata og Nils Skorpensgata. Denne høgda er bygd saman med murbygningen, og her finn ein kjøkendepartementet, matsalen og salongen og eit rom som har store, doble dører og kan setjast i samband med salongen. Gjesteroma vert i murbygningen. Det er i alt 18 av dei, og alle har innebygde klæskåp, varmt og kaldt vatn. Seks av dei har dusj. Alle gjesteroma får telefon og moderne, tiltalende utstyr i møblar og senger, til dels med paradismadrassar. I alle korridorar og på alle rom vert det teppe på golvet, og i heile huset er det sentralfyring. Der er badarom i kvar høgda og fleire W.C.



Matsalen på «Kong Harald».

I det heile er det gjort alt for at gjesteroma skal verta so koselege og sanitære som råd er, og vi spår at det vert ikkje vanskeleg for gjestene å finna seg til rette i det nye hotellet, som vert eit heilt tidhøveleg hotell i alle måtar.

Styrarinne vert frk. Anna Røgenæs».

Laurdag 29. februar vart det nye hotellet opna med festsamkome, der i kring 50 kvinner og menn var samla. Om denne samkoma skriv Haugesunds Avis:

«Haugesund Mållags nye hotell vart opna laurdag med ei festsamkome. Tilstades var forutan styre og lagsbruksstyre i mållaget, arkitekt og byggmeister, husvert, formennene i handelsstandsforeningen, kjøpmannsforeningen, agentforeningen, turistforeningen og representantar for pressa.

Ved middagen i den ljose, vakre matsalen vart det halde fleire taler. Medlem av forretningsstyret, agent Hellie Dagsland, baud velkomen til bords. Han gjorde merksam på at Mållaget no var 30 år. og heilt sidan laget vart skipa hadde det vore ein draum hjå dei fleste at laget måtte få sitt hotell. No var draumen sett i verk.

Formannen i forretningsstyret, disponent Brathole, gav der-



Hotellpersonalet.

etter eit oversyn over arbeidet, og bar fram ei varm takk til alle som hadde hatt med hotellarbeidet å gjera, frå arkitekten, herr Steensnæs og byggmeister herr Netland til alle leverandørar, husvert og alle som på ein eller annan måte hadde gjort sitt til å skapa hotellet slik som det no syner seg.

Formannen i Mållaget, lærar Tindeland gav eit oversyn over lagsarbeidet i dei 30 åra som var gått. Han peika på at meininga med det nye hotellet ikkje berre er å tena pengar. Å skapa gode, moderne hotell er ei kulturoppgåve i seg sjølv.

Formannen i Handelsstandsforeningen, disponent Høinæs, bar fram dei beste ynskje frå handelsstanden. Byen trong moderne hotell, både for det vanlege reiselivet og avdi ein fekk vona at turistferdsla, denne nye viktige næringsvegen, ville ta seg opp i vårt distrikt.



Eigedomen Strandgt. 103—105.

Om hausten same året vart kaffistova på torget utvida med to nye rom. Det hadde synt seg at plassen vart i minste laget etter ein tok til med middagsserveringa. I det heile var 1936 eit godt år. Lagsbruksstyret sette i gong med nye tiltak med tru på framtida og sto godt rusta både med hotell og kaffistover om oppgangen ville halda fram. Og det såg ut til å gå bra no. Hotell-drifta svara seg så godt at styret for alvor tok til å tenkja på utviding. Musikkhandlar Georg Blom var viljug til å leiga burt to høgder av huset sitt i Nils Skorpensgate 3. Dette huset ligg inn til Storesund sin eigedom, og kunne ved ein bruovergang bli knytt til hotellet. Styret vart samde med Blom om leiga, og ombygginga var ferdig 23. mars 1938. Dette tilbygget vart gjerne kalla annekset, og fullt vart det med ein gong.

I mellomtida drøfte styret vidare å auka hotelldrifta. Kjøpmann Svelland emna og på å gå i gang med eit storbygg, og mållaget kunne få leiga ein del av bygget til hotelldrift. Men Svelland kom ikkje i gang med bygget, så desse planane fall burt av seg sjølv. Skipsreidar Knutsen O.A.S., hadde i 1938

kjøpt det gamle hotell Victoria, og mange trudde han emna på å bygge eit storhotell på grunnen. Formannen i lagsbruksstyret spurde om mållaget i tilfelle kunne få overta drifta av hotellet, men huset vart sidan ombygt til andre føremål. Tanken om å bygge på laget sin eigen tomt kom og nå fram att. I blada var det ofte innlegg som peika på at det var hotellnaud i byen, og planen om eit storhotell i Haugesund var sterkt på tale. Lagsbruksstyret meinte difor tida no var komen då laget måtte tenkja for ålvor på å bygge ut sin eigen grunn.

Den 24. oktober 1938 kalla formannen saman til møte av tillitsmenn i laget for å drøfta dette spørsmålet. Det var heller få som trudde at det no var rette tida å bygge på laget sin eigen grunn. Derimot vart det peika på at det truleg var lagleg tid å selja. Dei fleste var likevel samde om at mållaget måtte halda på den posisjon laget hadde fått i hotellnæringa og sikre seg det nye storhotellet som før eller seinare måtte koma i Haugesund. Nokre var det som trudde «Kong Harald» var eit høveleg stort hotell for laget. Vågnaden med eit stor-hotell var i største laget, meinte dei. Det vart inga røysting, men styret fekk oppmoding om å arbeida vidare med saka.

Formannen vende seg til arkitekt Smith, Stavanger, som lova å koma med teikningar av stort moderne hotell på laget sin grunn. Det synt seg då at grunnen mot Haraldsgata var alt for kort. I 1939 kjøpte difor styret Haugen sin eigeendom, som låg inn til laget sin grunn mot Haraldsgata, og Smith arbeidde teikningane om etter dette. Men så kom krigen, og alle byggeplanar vart lagde bort så lenge.

1939 var eit godt år for lagsbruka. Både hotellet og kaffistovene tente gode pengar, og då Nils Skorpensgt. 3 var til sals, tykte laget det var klokast å kjøpa huset. Ved å bygge om første høgda og kjellaren til bruk for hotellet, ville ein få 3 store utpakkingsrom, så kjøpet ville bli ein god pengeplasing. På søre stova fekk laget leiga tri rom til. Desse vart bygde inn i kaffistova, som dermed vart både større og tenlegare på alle måtar.

Me kan og nemne her at det i 1938, etter søknad frå Norges Røde Kors vart sett opp pengespel-automatar på baa stovene. Dei pengane som laget tente på denne måten, vart brukte til innkjøp av gode målarstykke. I åra etter vart det kjøpt mange

vakre bilete, måla av kjende kunstmålarar. Bileta pyntar godt opp på veggene i hotellet og kaffistovene.

Krigsåra.

Krigen førde med seg at Hotell Kong Harald laut stenge dørene, då storparten av tenarane rømde sin veg. Søre stova heldt stengt i 5 dagar, men i stova på torget gjekk drifta som vanleg. 7. mai opna hotellet att og. Nokre av tenarane kom att og nye vart feste. Slik sveiv det på ein måte første halvåret, men med den stoggen som hadde vore kunne sjølvstakt ikkje hotelldrifta visa noko serleg bra resultat. Annleis var det med stovene. Omsetnaden synt ein svær auke, og andre halvåret vart om lag likt, så overskotet det året var større enn vanleg.

Men krigen førde sjølvstakt med seg mange vanskar for lagsbruka og. Etter kvart som fleire varer vart rasjonerte, var det ikkje lett å skaffa det som skulle til mange gonger. Takk vere styret, styrarinnene, og forretningsføraren gjekk det likevel svært bra, endå om det ofte såg mørkt ut. Koks og koltilførsel vart stengd, og laget laut då skaffa seg ved. Hå skog-eigarar i bygdene omkring byen kjøpte styret ved på rot, leigde hoggarar og fekk veden til byen.

Den tyske vernemakta rykte inn både på Kong Harald og i Strandgata 103. Etter mykje mas betalte dei nok for seg på ei vis, men det var gjester som ein lite brydde seg om å ha i hus. N.S. folk prøvde å gi gode råd vedkomande styre og stell av lagsbruka, men stort sett greidde styret ved klok manøvrering å berga laget sin eigeendom frå å falla i hendene på det nye styret.

Og pengane flaut rikt inn både på stover og hotell, så største vansken for styret vart snart å finna råd til å minka overskotet. Til stovene og hotellet vart innkjøpt det ein kunne få tak i av nyttige bruksting, stolar og bord vart utskifte, og moderne ting kom i staden. Alle rom som trong måling og oppussing vart tekne nå, og store løyvingar vart kvart år gjeve til gode måltiltak. Då Haraldsgata 192 var for sal, kjøpte mållaget eige- domen for kr. 118 000,—. Styret sette og av pengar til pensjonsfond for tenarskap på hotellet og kaffistovene. Dette fondet er nå på vel 100 000,— kroner, og har sitt eige styre. Så ein kan vel



Eigedomen Haraldsgt 193.

trygt seia at arbeidslause var ikkje dei som styrde med mållaget sin medel i krigsåra.

Byggeplanane vart tekne oppatt etter nye teikningar av arkitektane Blakstad og Munthe Kaas, Oslo, men då ein var komen så langt at ein skulle søkja om byggeløyve, kom ikkje Haugesund med i første omgang. Vanskar var det og med å få ut leigebuarane som budde i dei gamle husa som står på grunnen. Dertil kom at materialprisar og arbeidsløner stødt gjekk oppover, så dei kostnadsoverslag ein hadde fått etter kvart vart for låge, og det var mest uråd å seia kva eit såpass stort bygg ville koma til å kosta. Noko trygd for at hotellet ville svara seg hadde ein heller ikkje, og då kunne laget koma til å bygge seg på berr bakke. Det var formannen i lagsbruksstyret, skulestyrar Helge Tindeland, som hadde vore den drivande krafta i arbeidet med hotellplanane. Då han brått døydde 16. april 1951, vart hotellplanane atter lagde bort. Laget har altså endå ikkje etter 50 års arbeid fått seg eige hus.

Dei siste 4—5 åra har overskotet på langsbruka vore noko mindre. Det kan vera ymse grunnar for det. Råvarer og tenar-



Leiv Ese.



Gerd Semb.

løner har stige fort, og matprisane har ikkje alltid fylgt med tidsnok. Større tevling i kafedrifta gjer vel og sitt. Men omsetnaden held seg godt, og det må ein ta som eit prov på at folk likar seg på stovene, og at mållaget sine forretningar har eit godt omdøme, både i bygd og by.

Dei som har styrt lagsbruka.

Det gjeld ikkje lite for eit lag som driv forretningar av ymse slag å få dugande og samvetsfulle folk i si teneste. Mållaget har hatt den lukka at dei har funne fram til slike.

Då laget opna første kaffistova i 1910, vart David Brathole sett til forretningsfører. Han fekk den gleda å sjå at laget i desse åra under hans styring fekk samla ein medel som skulle koma til å syna att i arbeidet både utetter og innerter.

Olav Dale overtok etter Brathole og sat som forretningsfører i mållaget til 1952, heile 37 år. Han fekk vera med både i oppgang og nedgangstider, og ingen har vel betre kjennskap enn han til det arbeid som har vore gjort i desse åra. I 1952 slutta han, og Leiv Ese har hatt arbeidet sidan. Alle desse tre har ikkje berre vore sers dugande i sitt arbeid, men dei har i heile si framferd stelt seg slik at folk fekk tiltru til laget og laget sine forretningar. Dei fortener alle stor takk for det.



Anna Storesund.

Styrrarinnene.

I dei 20 åra mållaget har hatt hotelldrift har det vore to styrrarinner. Frk. Anna Røgenæs tok over styret på «Kong Harald» i 1936 og slutta i 1947 då ho kjøpte eige hotell og overtok drifta der. Etter den tid har frk. Gerd Semb hatt hotellstyringa.

På kaffistovene har det vore 5 styrrarinner sidan laget opna den første kaffistova for 45 år sidan. Lengste tida sto Severine Valen for styringa, frå 1910 til 1932. Om hennar arbeid har Olav Gjerstad skrive så godt i 25 års-skriftet, så det trengst ikkje seiast meir om det. Oletta Vinje som overtok etter henne, var dugande og arbeidshuga. Det var nett i dei vandaste åra, med minkande omsetnad og små overskot på drifta. Men frk. Vinje styrde godt, og ho fekk vera med så lenge at ho fekk sjå det bar framover att. Ho slutta i 1937, då ho overtok styret på Hordaheimen i Bergen.

Etter henne kom Olava Færås. Ho hadde vore på stovene i mange år og kjende arbeidet ut og inn. Ho greidde å føra drifta av kaffistovene gjennom dei vanskelege krigsåra på ein framifrå måte. Det var ofte utruleg kva ho kunne skaffa til rettes av mat i den tida då alt skulle etlast ut. I 1949 slutta ho, og frk. Aksdal styrde stovene året ut. Då ho reiste til Amerika, vart det med det eine året.



Olava Færås.



Styrrerinna og kaffistovegjentene.

Frk. Anna Storesund, som då vart tilsett som styrrarinne, står midt i arbeidet endå, og det er berre ei meining om at ho høver sers godt til denne plassen. I desse siste åra har det ikkje alltid vore lett å skaffa nok hjelp på stovene, men frk. Storesund har aldri vore redd for å ta eit tak sjøl både på kjøken og i sal når det trongst. Og ved si elskverdige framferd har ho nok fått mange vener mellom kaffistovegjentene.

Me vil gjerne få takka alle desse for truge arbeid i mållaget si teneste. Dei har, kvar på si vis, gjort kaffistovene til ein triveleg plass, der by og landsfolk kan få god og rimeleg mat og møtast til hyggjeleg drøs.

Det vil føra for langt å nemna alle dei andre som i alle desse åra har arbeidd på kaffistovene, i kortare eller lenger tid. I den siste 25-årsbolken har ikkje gjentene stogga så lenge i tenesta som i den første tida, men alle skal ha takk for truge strev i den tida det varde, både på hotell og stover. Dei har alle gjort sitt til å gi mållaget ei jamn og god innkome, og til at gjestene har funne trivnad på mållaget sine lagsbruk.

Lagsbruksstyret.

Først i 1920 fekk lagsbruka sitt eige styre. Olav Gjerstad vart første formannen, og han sto for styringa til 1933. David Brathole tok då over til 1937, då han vart avløyst av Helge Tinde-land, som førde lagsbruka gjennom krigsåra og fram til han døydde i 1951. Etter den tid har Anders E. Velde vore formann.

Som ein vil sjå av det som før er skrive har mållaget sine forretningar auka i dei siste 25 åra. Hotell Kong Harald er kome til, og laget har kjøpt eit par eigedomar, Nils Skorpensgate 3, og Haraldsgata 192. Forretningsføraren har ikkje hatt full dag i mållaget si tenesta. Det har difor etter kvart falle mykje arbeid på formennene i lagsbruksstyret. Dei fortener difor å få ei sers takk her i dette skriftet.

Det kosta å vera kar.

Av Vilhelm Trædal.

I skriftet om første 25-årsbolken åt Haugesund Mållag står det under overskrift: Tilskot til målarbeid, at laget i alt har ytt kr. 109 080,— til gode måltak. Laget har sia halde fram etter same lina så langt den økonomiske evna rakk. Om ikkje dei årlege løyvingane kan synest så svære, vil det i 25 år bli ikkje så små tal. Me skal her gi ei oversyn over dei tiltak laget har vore med og hjelpt fram i desse åra.

Tilskot til bladhold	kr.	76 011,—
Tilskot til bokkjøp	«	16 241,—
Haugesund Museum	«	12 000,—
Haugesund Husflidlag	«	3 950,—
Karmsund Mållag	«	31 295,—
Noregs Mållag	«	5 446,—
Rogaland Ungdomslag	«	5 560,—
Norsk Måldyrkingslag	«	2 950,—
Det Norske Teatret	«	4 974,—
Norsk Pedagogisk Tidsskrift	«	1 100,—
Reising av minnesmerke	«	2 784,—
Ymse løyvingar til norsk reising	«	25 515,—
Ymse sosiale føremål	«	4 528,—
Andre løyvingar	«	8 421,—

Tilsaman Kr. 200 775,—

Utanom dette har laget ytt lån til eller teke luter i samskipnader som beinveges har med målreisingsarbeidet å gjera.

Det Norske Samlaget	kr.	10 000,—
Norsk Skjemaforlag	«	2 500,—
Gula Tidend	«	35 500,—
17. mai og Norsk Tidend	«	12 200,—

Tilsaman Kr. 60 200,—

Til dette kjem så det som sjølve lagsdrifta har kosta dei siste 25 åra:

Møteutgifter	kr. 19 441,—
Husleige	« 8 107,—
Foredrag	« 6 053,—
Lysingar	« 7 320,—
Reisepengar for utsendingar	« 13 420,—
Boksamlinga	« 9 000,—
Leikarringen	« 15 934,—
Fredheim	« 19 298,—

Tilsaman kr. 98 573,—

Som ein vil sjå av dette har styre og lag hatt klårt føre seg laget sitt føremål, og gjerne tøygt seg lenger enn lagslovene seier når det gjaldt å gi pengehjelp til gode måltiltak. Medelen har difor ikkje auka serleg i denne tida, men laget står seg så vidt bra at ein aldri har sytt for kostnaden når det gjaldt å laga gode program til møtekveldane. På den måten har det såleis vore lett å arbeida i laget dei siste åra.